

Os sokn Årsrapport 2021

Nær Kristus
Nær kvarandre
Nær kvardagen



DEN NORSKE KYRKJA

Os sokn

Innhald

Innleiing: Året som forsvann	4
Organisasjon	5
Soknerådet.....	5
Staben.....	5
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	6
Ny gudstenesteordning	6
Gudstenester.....	6
Institusjonsandaktar	7
Kyrkjelege handlingar.....	7
Andre forsamlingar og kyrkjesamfunn i Os.....	7
Økonomi	8
Barn.....	9
Barnesamling	9
Aldri åleine	9
Lørdagssprell.....	9
ShubaDubs	9
Tunet Barnekor.....	10
TweenSing	10
Ungdom	11
Fredagssamlingar.....	12
JoinUs	12
OsLan.....	13
ULF (Ungt LederForum)	13
Diakoni	14
Nytt av året.....	14
Verdifulle samarbeid.....	14
Diakonale tiltak i 2021	15
Kyrkjemusikk	17
Korarbeid.....	17
Orgelklubb.....	17
Frivillige i kyrkjemusikken.....	177
Instrument og lokalar.....	18
Mediearbeid	18
Kyrkjebladet.....	18

Web.....	18
Facebook (Os kyrkje)	18
Instagram	18
YouTube.....	18
Annonsering	18
Frivillige medarbeidarar	19
Gudstenestearbeid	19
Open kyrkje	20
Minnesamvær.....	20
Barn og ungdom.....	20
Diakoni	20
Andre tiltak	20
Samarbeid.....	21
Speidaren – 1. Os KFUK-KFUM.....	21
KRIK – Kristen Idrettskontakt Os.....	21
Årsrekneskap 2021.....	22
Strategiplakat for Os sokn 2022-2026.....	27



Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Innleiing: Året som forsvann

Året 2021 vart nok eit år prega av pandemi og fleire restriksjonar som virka inn på livet i og rundt kyrkja. Pendelen svingte mellom gradvis gjenopning og nye smittebølger, planlagte aktivitetar som måtte endrast eller avgrensast, eller i verste fall avlysast heilt. Konsekvensane kjem fram i dei ulike kapitla av årsmeldinga, og gjer at året som heilskap kjennest som ein forlenging av den uforutsigbarheiten som møtte oss i 2020. Forventningane til betring i 2021 måtte i stor grad berre skuvast vidare framom oss – dette vart på mange måtar «året som forsvann». Desto viktigare er det å glede seg over dei lysglimta som trengte gjennom då samfunet var opent nok til å gjennomføre gode menneskemøte i kyrkjelyden. Det var veldig gledeleg at julemessa vart gjennomført med stor oppslutning, innsats og innsamling, og utan eit smitteutbrot i etterkant. Slik «oppturar» er svært viktig å ta med seg, både for frivillige medarbeidarar og fast tilsette. Dei minner oss om kva vi kan få til, og kor viktig fellesskapen vår er. Med målet for auge å bygge vidare på dette i det nye året, kan vi hente mykje lærdom og inspirasjon til det vidare kyrkjelydsarbeidet, òg frå «året som forsvann».

God lesnad!

Bente Brøvig Strømme, soknerådsleiar

Sigurd Rotvik Tunestveit, dagleg leiar

Organisasjon

Soknerådet

Os sokneråd er folkevalde for perioden 2019-2023 og består av:

- Bente Brøvig Strømme (leiar)
- Per Gunnar Lunde Oseng (nestleiar)
- Christine Westgaard Lund Halland
- Jorunn Hodneland
- Inger Jonette Indset Botnevik
- Jon Håkon Øen
- Knut Inge Johnsen
- Malin Nøss Vangsnes,
- Tidlegare sokneprest Margrethe Holmboe Askeland har no vorte avløyst av ny sokneprest Roar Evjedal Hallesby
- Varamedlemmer: Arne Tveit, Nils Sørbø, Kjell Aadland, Thorstein Skårnes og Becky Ogwu Hesjedal

Ei av hovudsakane til soknerådet har vore utarbeiding av ny strategiplan for Os kyrkjelyd. Ut over faste arbeidsområde som rekneskap og budsjettstyring og fordeling av offer, har soknerådet mellom anna arbeidd med

- Utredning av akustikkforhold i Nore Neset kyrkje
- Høyring om ny kyrkjeleg organisering
- Vedlikehaldsbehov i Kyrkjetunet

Staben

Staben i Os sokn har gjennom 2021 hatt denne samansetninga:

- Linda Ekerhovd, dagleg leiar, 100%
- Elin Oldervoll Moberg, konsulent, 80%
- Monica Refsdahl, konsulent, 100%
- Andrew Paul Holman, kantor, 100%
- Anton Proskurnin, organist, 50%
- Ingrid Vik, diakon, 100%
- Gro Helen Blindheim Skjælaaen, kateket, 80% (10% studiepermisjon)
- Sylvi Lundgren, barne- og familiearbeidar, 100%
- Hege Varhaug-Lekven, trosopplærer, 75%

Ungdomsarbeidar Lars Joar Hilleren gjekk over i ein treårig prosjektstilling i driftsavdelinga hausten 2021, og vart då avløyst av Ivar Stensland i ungdomsarbeidet.

Martin Bakke Slåttsveen har arbeidd på timebasis med marknadsføring og ungdomsarbeid, eit engasjement som held fram i 2022.

Frå 1.1.2022 har Linda Ekerhovd overlete leiarstolen til ny dagleg leiar Sigurd Rotvik Tunestveit.

Kyrkjeverge Kristine Fjeld, driftsleiar Kenneth Molland og sokneprest Roar H. Evjedal, prostiprest Svante Havåg og kapellan Annette-Emilie Hitland Gangstø er blant dei øvrige tilsette på Kyrkjetunet som soknet har mykje samarbeid og kontakt med i det daglege arbeidet.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Ny gudstenesteordning

Årsmøtet i 2021 vedtok ny gudstenesteordning for kyrkjelyden. Den nye gudstenesteordninga var i praksis berre ein lett revidering av det som har vore dei siste ti åra.

Os kyrkjelyd har tre hovudtypar av gudsteneste:

- Høgmesse

Som regel to gonger i månaden i Os kyrkje og ein gong i månaden i Nore Neset kyrkje

- Familiegudsteneste

Som regel ein gong i månaden i kvar av kyrkjene

- Gudsteneste med band

Som regel ein gong i månaden i Os kyrkje

Den nye gudstenesteordninga blei implementert frå pinsedag 2021.

Gudstenester

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester	110	108	109	109	105	102	103	103	111	156
Deltakarar	15755	15531	15827	16340	14225	15003	12786	12539	5557	8359
Gjennomsnitt	143	144	145	150	136	147	124	122	52	54

I 2021 blei det halde 156 gudstenester i soknet. Samanliknar ein med tal frå tidlegare år ser ein at det er ganske mange fleire gudstenester enn det har vore. Dette skuldast at det på grunn av antalsrestriksjonar på arrangement og gudstenester var mange dåpsgudstenester utanom hovudgudstenesta. Nokre gonger var det og nødvendig å dele opp enda meir. Til dømes var det tre gudstenester i Lysekloster kapell 2. pinsedag.

Totalt var det 8359 deltakarar på gudstenestene i Os sokn i 2021. Det gir eit gjennomsnitt på om lag 54 pr gudsteneste. Dette talet gjeld både dåpsgudstenester og hovudgudstenester. Det er litt høgare enn 2020, men framleis godt ned frå siste normalår i 2019. Vi skal sjølv sagt ta med i berekninga at det ikkje var fysiske gudstenester i januar eller i påska, og ei stund kunne vi berre samla 10 deltakarar på gudsteneste i kyrkjene.

I tillegg var det antalsrestriksjonar på både konfirmasjonsgudstenestene og julegudstenestene. Likevel, når vi ser utover mot det vi håpar vil bli eit meir normalt år i 2022, har kyrkjelyden ein utfordring i å heve deltakartalet på gudstenestene.

Institusjonsandaktar

Andaktstenesta på institusjonane har i 2021 for det meste ligge nede. Korkje på Oshaugen (Gamleheimshagen) eller Ravneberghaugen har det vore andaktar i 2021. På Luranetunet har prestetenesta vore på besøk for samtalar på kvar avdeling i vårsemesteret. Det var då besøk på èi avdeling i gongen, slik at kvar avdeling fekk prestevisitt ein gong mellom februar og juni. Etter gjenopninga i september fekk vi to månader med normal andaktteneste på Luranetunet med tre andaktar i oktober og november, før deltabølga sette ein stoppar i slutten av november. Pga. deltabølga blei juleaftansgudstenesta på Luranetunet avlyst òg i 2021.

Kyrkjelege handlingar

I 2021 var det

- 170 konfirmantar
- 22 vigslar
- 2 forbønshandlingar for borgarleg inngåtte ekteskap
- 96 gravferder
- 134 dåp

Av disse tala er det dåpstala som er mest interessante. Det eit hopp opp frå 2020 sine 106 dåp. Men vi kan ganske sikkert rekne med at ein del av dåpane i 2021 er utsette dåp frå 2020. Ser vi på dåpstala i eit femårsperspektiv, og på 2020 som eit unntak på grunn av pandemien, ser vi at det har vore ei jamn nedgang av dåp.

Dette bør ikkje vera overraskande. Os sokn er ikkje ei øy for seg sjølv. Vi merkar og den nasjonale trenden med dåpstal som er på veg ned. Ei konkret utfordring for kyrkjelyden i tida framover er difor korleis vi kan invitera fleire osingar til dåp. Lågare dåpstal vil påverke trusopplæring og konfirmasjon, og etter kvart òg andre kyrkjelege handlingar.

	2017	2018	2019	2020	2021
Antall dåp	176	148	146	106	134

Andre forsamlingar og kyrkjesamfunn i Os

- Os fellesskapet er ein kyrkjelyd knyttet til nettverket INFLUX.
- Salt-kyrkja har lagt ned gudstenestetilbodet i Os, men har framleis husfelleskap i Os.
- Os misjonskirke er ein aktiv kyrkjelyd.
- Norkirken har storsamling ein gong i månaden i Tunet kyrkje- og kultursenter.

- Det er tre aktive bedehus i Os:
 - Søfteland bedehus
 - Os bedehus Betania
 - Neset bedehus
- I 2021 har det økumeniske bønefelleskapet som starta i 2020 kun møttest sporadisk grunna koronasituasjonen.

Økonomi

Godkjent årsrekneskap er vedlagt i slutten av årsmeldinga og syner eit lite netto driftsoverskot som er vedteke avsett på fondet for kyrkjelydsbyggande tiltak. Tunet kyrkje- og kultursenter var tidvis mykje utleigd til ymse føremål, sidan våre lokalar er romslege nok til at “meteren” kunne overhaldast for større møter og liknande. Likevel kan vi ikkje seie at dette var noko “normalår” for utleigeverksemda. Gjevartenester held seg relativt stabilt takka vere trufaste støttespelarar, men utviklingstendensen er negativ både med omsyn til antalet faste gjevarar og totalt innsamla beløp til både ungdomsprest og drift av Tunet. Det er såleis liten tvil om at dette vil vere eit

økonomisk fokusområde òg i 2022. Låge rentenivå gjennom året bidrog likevel til ei større nedbetalingsgrad på soknet sine lån enn budsjettert for året samla sett.

Fleire av kyrkjelyden sine tiltak for ulike grupper mottok ekstern støtte frå ulike ordningar både lokalt og nasjonalt, og dette gir friske aktivitetsmidler i tillegg til bevillingane frå kommunen via fellesråd, samt kyrkjelydens innsamla midler til eigen verksemd. I sum har vi ein sunn økonomisk drift der utfordringane for framtida er tydeleg definerte.



Foto: Mediegruppa i Os kyrkje

Barn

Barnesamling

Barnesamling er borna sin eigen gudsteneste, der vi brukar undervisningsmateriellet til Sprell Levande Søndagskule. Dette passar for born i aldersspennet 1-13 år. Os kyrkjelyd ynskjer å fortelje om Jesus til borna. Vi har barnesamling/søndagsskule om lag kvar søndag, anten i Os kyrkje, eller i Nore neset kyrkje.

Barnesamlingane er ein trygg og god stad for borna å vera under gudstenesta. Her får dei leike, tenne lys og høyre om Jesus på sine premissar. Her får dei oppleve at dei er verdifulle som dei er, skapte i Guds bilde. Vi syng nokre barnesongar før søndagsskuleleiaren inviterer eit av borna fram for å sjå kva som er i skattekista. Her vert det avsløyr (kanskje?) kva borna skal få høyre og oppleve under samlinga.

Barnesamlingane er fellesskap, bibelforteljingar og oppdrag - for alle sansar.

Vanlegvis møter alle opp til gudsteneste i kyrkja. Etter eventuelle dåp vert alle born inviterte til å vere med på barnesamling i Tunet. For å vekke nysgjerrigheita til flest mogleg opnar vi skattekista i lag i kyrkja, og viser kva den inneheld.

Med restriksjonar grunna smittevern har ungane møtt direkte i Tunet når gudstenesta tek til. Om det ikkje var gudsteneste grunna restriksjonar opna dørane i Tunet klokka 11.00 og foreldra kunne rusle seg ein tur.

Søndagsskulens dag vart gjennomført den 26. september i Tunet.

Aldri åleine

På hausten starta vi fast kvar månad med Aldri åleine for «tweens» mellom 9 og 13 år. Dette er eit eige opplegg som er utvikla i eit samarbeid mellom Acta, Søndagskolen Norge, NLM Ung, Blå Kors og Høgskulen NLA. I samband med oppstart av dette oppmoda vi alle i denne alderen til å komme å vere med på eit kult opplegg med animasjonsfilmar, quiz, samtalar, emojis, songar og mykje meir.

Lørdagssprell

Lørdagssprell siktar seg inn på førskuleborna. Her får dei ein bibelskatt (ofte bygd opp på same måte som barnesamlinga med Sprell Levande), og så har vi litt mat (niste, graut, pølser i brød) og ein hobbyaktivitet. Våren 2021 hadde vi to utesamlingar og brukte naturen i området nær Nore Neset kyrkje. Vi gjekk til Døsenelva og fyrte bål, laga barkebåtar og seljefløyter.

ShubaDubs

Våren 2021 var det ikkje råd å ha aktivitet i Familiekoret ShubaDubs grunna restriksjonar. Difor var gleden stor då denne populære musikalske møteplassen kunne ta til att på hausten med oppstart 9. september.

ShubaDubs er familiekoret vårt med sprudlande born i alderen 2,5 år til 1.klasse og deira foreldre, som møtast i Storsalen annankvar veke for å syngje og leike i lag. Etter ein halv time med musikk og moro er det kveldsmat. Her har vi enkel servering med blingsar og pålegg, mjølk og vatn. Foreldre blir sett opp på lister og har kvar sine økter der

dei bidreg med førebuing. Kveldsmaten blir serverast om lag kl.18.

I haust vart denne fantastiske gjengen leia av to frivillige medarbeidarar, som har fått administrativ stønad frå staben. Dette kan vere å laga informasjonsfoldar, tinge og førebu lokalar, lage kveldsmatlistar, drifte Facebook-gruppe og sende ut SMS til påmeldte, og handle inn til kveldsmaten. Dei frivillige lagar opplegg og program, finn songar og leiar øvingane (eller kanskje rettare sagt – styrer showet).

Alle nye i ShubaDubs har fått refleksvestar som vart kjøpt inn på våren 2021. Det har vart rom for seks øvingar i laupet av hausten, og ShubaDubs opptredde på Misjonsmessa i Tunet 30. oktober.

Tunet Barnekor

Koret for songglade 1.-4. klassingar møtast annankvar torsdag klokka 17.30-18.45 i Tunet. Vi syng, spelar instrument, leikar og ein av dei vaksne les frå boka vår.

Året starta med restriksjonar på kor mange ein kunne vere samla. Fyrste øvinga fann stad 21. januar, og øvingane utover våren gjekk som planlagt. Men då det endeleg var tid for framsyning vart alt dessverre stengt ned og avslutninga vart omgjort til produksjon av ein musikkvideo. Denne vart synt som promoteringsfilm då haustsemesteret starta. Til innspeling og redigering fekk koret god hjelp frå mediegruppa i kyrkjelyden. Dei siste øvingane før sommaren hadde Tunet Barnekor besøk frå dei eldste i ShubaDubs for å gje dei ein smakebit på å fortsette i kor. Det var nokre få

som vart med då vi starta opp att på hausten.

Hausten starta opp og vi bytta rom til Eldstova for å ha god nok plass og nok luft til å alltid kunne arrangere korøving. Gjennom hausten kunne øvingane gå etter planen. Det var då 12 medlemar i koret. Koret fekk lov å framføre songane sine på ei gudsteneste (utdeling av 4-årsbok i Os kyrkje) og på Julemessa i kyrkjelyden i november. Det er kjekt å vise seg fram og alle veks litt ekstra på det. Etter gode framsyningar på desse arrangementa fekk Tunet barnekor òg spørsmål om å syngje i kyrkja på julaftan, og førebudde seg på dette heilt til det kom nye restriksjonar i desember. Brått måtte både denne framføringa og den siste øvinga før jul avlysast.

TweenSing

Dette koret er for dei i alderen 9-13 år. Vi syng, spelar instrument, leikar, et nistepakke (kveldsmat/frukt), har ein liten andakt og tenner lys.

Våren 2021 hadde vi øving annankvar onsdag med kor og band i Os. Tidlegare år har TweenSing vore lokalisert i Nore Neset kyrkje, men med eit nokså stort band i sving vart øvingane flytt til Os kyrkje. Det var mykje øving og vi hadde satt opp avslutningskonsert før sommaren. Skuffelsen var stor då dette måtte avlysast

Som sommaravslutning var det bestilt inn ein festivalkasse. Planen var å bruke denne og ha camp-kveld og konkurransar. Grunna lite påmelding valte vi å ha avslutninga i Lysefjorden med båttur, SUP brett, bading, pølser

på termos og kake i staden for. Det vart ein fin kveld.

Haustsemesteret starta med at vi fekk to nye dirigentar på plass. Vi har gått tilbake til å ha øving kvar veke og det ser ut til å skape betre stabilitet med omsyn til oppmøte. Vi har vore i Os kyrkje frå kl. 18-20 på onsdagane. Hausten baud på to framsyningar, fyrst på kyrkjelyden sin julemesse og

deretter på «turné» til Amfi Os der vi måtte ta songane «da capo» med strålande publikumsrespons.

Juleavslutninga vart i Os kyrkje med camp-kveld, med hobbyaktivitet og kake.

Medan det var 11 møtande deltakarar på øvingane om våren, hadde vi om lag 7-8 med i koret i haustsemesteret.



Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Ungdomsarbeid

Med restriksjonar og usikre rammevilkår gjennom året har ikkje ungdomsaktivitetane våre hatt den kontinuiteten vi ynskjer. Fyrste halvår var mangeårig ungdomsarbeidar Lars Joar Hilleren i stillinga, og på hausten vart Ivar Stensland tilsett som ny

ungdomsarbeidar, då Lars Joar gjekk over i ei prosjektstilling i driftsavdelinga. I tillegg har det i ungdomsgruppa òg vore eit større «generasjonsskifte». Slike overgangar skapar både utfordringar og moglegheiter, og det var difor knytt

spenning til korleis ungdomsarbeidet utvikla seg utover 2021. For å bygge ein god ungdomskultur trengst stabilitet og kontinuitet – mangelvarer i pandemi-tider. Her gjorde både frivillige ungdommar og vaksne, samt

Fredagssamlingar

Breiddetilbodet på fredagar fekk starte opp att så smått i 2021. Det var tilnærma full aktivitet, men med dei avgrensningane og tilpasningane som var naudsynt ut i frå retningslinene frå styresmaktane. Eit vårleg arrangement i samarbeid med Ung Arena og UKM hadde paintball og sosiale relasjonar som hovudfokus. Nokre fredagssamlingar fann stad utandørs, med blant anna aking og skøyter på Ulvenvatnet. Til stor glede for ungdommane vart Ungdomstunet sitt klubbrom i andre etasje ferdig pussa opp. Fredagssamlingane (òg kalla «Happening») vart gjennomført om lag ein gong i månaden på vårparten.

Hausten 2021 kom ny ungdomsarbeidar inn. I tillegg vart frivillig ungdomsleiar Martin Bakke Slåttsveen tilsett for å styrke både gjennomføring av ungdomsarrangement og generelt marknadsføringsarbeid. Fredagsarrangementene vart meir fokusert på eit kontinuerleg

JoinUs

Sidan JoinUs gjennomførast vekefast, vart det mange avlyste øvingar og samlingar der ungdomsarbeidar og ungdommar måtte bruke kreativiteten i laupet av 2021. Til trass for dette jobba ein fram ein ny organisering av JoinUs-onsdagane, som skulle prøvast ut som eit pilotprosjekt etter sommarferien. Konseptet la til rette for fleire ulike

stab som jobba tett på ungdomsarbeidet, ein viktig jobb. Mot slutten av 2021 var det råd å etablere ny kontinuitet og ein modell å bygge vidare på.

breiddetilbod kvar fjortande dag framfor større arrangement ein gong i månaden. Då Noreg opna opp att i august, forsøkte vi å bygge på dette momentet. Ungdommane var sulteforet på sosial interaksjon og sammenkomster og vi opplevde raskt vekst i oppslutning. Det gode samarbeidet med KRIK vart òg styrka, slik at ein samla flokk KRIK'arar kom ned til Tunet etter fredagstreninga. Desse grepa vart mogleg å gjennomføre grunna strålande innsats frå frivillige vaksne, stab og ungdommar som tok ansvar.

I desember stengte vi på nytt ned deler av ungdomsarbeidet etter pålegg frå styresmaktene. Den planlagte Julegallaen måtte utsettast til 2022 – eit arrangement som skulle innehalde andakt, mat, musikalske innslag, underholdning og fyrverkeri. Det var påmeldt nesten 70 ungdommer, men vi håpar å sjå dei alle på ein Sommargalla i staden i mai 2022.

grupper enn kun dans, kor og band, då ein erfarte at ungdomsgruppa hadde andre ynskjer og behov. Frå hausten kunne JoinUs-arane delta på anten kor, band, dans, media eller matgruppe.



Nye fjes blant gruppeleiarar og stab fekk prøve seg i denne nye forma, men

etter litt prøving og feiling i starten begynte pilane å peike i rett retning, både knytt til oppslutning og kvalitet på aktivitetstilbodet.

JoinUs dreg stor nytte av ein nyinggått samarbeidsavtale med Kongshaug musikkgyrnas. Elevene frå musikklinja får høve til å bruke sine ressurser, bidra og ta del i fellesskapet vårt som både leiarar og deltakarar. I 2021 har vi hatt 6 elevar frå Kongshaug som har bistått kor og band. I slutten av 2021 tok nokre òg over dirigentrollen. Dette er ei god støtte for musikkarbeidet i kyrkjelyden, og positivt for ungdomsmiljøet. Ungdommane som bur på Kongshaug er òg ein del av ungdomsmiljøet på Os og målgruppa for arbeidet vårt, så deira involvering i våre tilbod er positivt for alle partar.

OsLan

OsLan vart gjennomført 5.-6. november 2021. 42 ungdommer deltok på denne spel-samlinga i Tunet, med god hjelp fra frivillige vaksne og tidlegare ungdomsarbeidar.

ULF (Ungt LederForum)

ULF vart danna i 2017 og er ein del av vårt leiartreningsprogram. Her får engasjerte ungdomsleiarar i miljøet vårt bygge relasjonar og lære meir. Det møtast mellom 15-20 ungdommer, i utgangspunktet om lag ein gong i månaden. I 2021 vart det gjennomført 4 alternative samlingar i laupet av året. Leiartrening er eit svært viktig satsningsområde for å bygge eit solid ungdomsarbeid for åra som kjem.

Diakoni

Vi kan trass alt sjå tilbake på eit meiningsfullt år. Fine menneskemøter, engasjerte og motiverte konfirmanter, og god stå-på-vilje frå mange hold har gjort mange ting mogleg trass utfordringane med korona og restriksjonar. I ein krevande tid for dei fleste, har vi løyst mange oppgåver og utfordringar. Kyrkja vår er framleis til stades og i teneste i lokalsamfunnet, og vi kan vere stolte av alle tiltak og tilbod. Sjølv med nye og kreative

løysingar for å få gjennomført har vi hatt god oppslutning. Uterommet har vore til god hjelp. Omorganisering og tilpassing har vore gjennomgangsmelodien framfor avlysing. Dette året har mange kjent ekstra på sårbarheit, einsemd og bekymring, og enkelte av våre tiltak har såleis kanskje vore viktigare enn nokonsinne. Vi har både vore gode og heldige som har unngått smittespreiing i det diakonale arbeidet.

Nytt av året

- Ferietilbod på dagtid for barn og unge - Os Haustcamp og Os Sommercamp i regi av Språkkafeen og med økonomisk stønad frå kommunen. Stor takk til våre faste samarbeidspartnere; Norsk Folkehjelp i Os, Os Sanitetsforening, og Busettings- og flyktningetenesta i Bjørnafjorden kommune. Dette tilbodet bygger vi vidare på.
- Nytt samarbeidsprosjekt med kommunen om oppstart av foreldrevegleiingsgrupper fekk tilskot frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFdir) og starta planleggingsarbeidet i 2021, og tilbodet startar i Tunet kyrkje- og kultursenter våren 2022.

Verdifulle samarbeid

Vi har eit godt, løpande samarbeid med kommunen på ulike område. SLT (Samkjøring av rus- og kriminalitetsforebyggende tiltak), vårt eige tiltak Venneveko, informasjonsarbeid i skulee, TV-aksjonen, god dialog med smittevernsoverlege og så bortetter. Flinker og fleksible støttespelarar på

servicetorget og kyrkjekontoret syter for god flyt.

Foreininga Bærekraftig liv i Os må òg takkast. Innad i kyrkjelyden har vi eit dyktig og engasjert diakoniutvalg som har planlagt og gjennomført møter, vore synlege på ungdomsarrangement, allehelgensarrangement i Nore Neset, og sytt for at diakonien får plass i

kyrkje og lokalsamfunn saman med tilsette og våre godt over 100 frivillige.

I år har lunsjbesøka frå Crux Vindfanget gått ut, og dei diakonale trusopplæringstiltaka «#meg» og «Godhet i sentrum» har ikkje vorte

gjennomførte. Sorgsamling vart heller ikkje gjennomført, men det vart utvida kyrkjekaffi i Nore Neset i samband med minnegudsteneste. Her deltok kyrkjetenar, diakon og prest i alg med frivillige

Diakonale tiltak i 2021

Open kyrkje: Starta opp og organisert av frivillige. Trygve og Hildur Lillestøl. (kvar torsdag). Stillheit og høve refleksjon, musikk, lystenning og samtale.

Samling for frivillige i kyrkja: Sosialt, input, rekruttering og forbønn. Diakon sammen med daglig leder prest og frivillighetskoordinator.

Minnegudstenester der vi minnst dei som har gått bort siste året. I 2021 hadde vi éi gudsteneste i kvar av kyrkjene

Språkkafeen med jamlege samlingar, kulturkveldar og mykje liv.

Leksehjelp (ukentlig torsdager) videregående og. og ungd. Skoleelever. Diakon sammen med frivillige

Miljøarbeid diakon på noen ungdomsarrangement ledet av ungdomsarbeider, noen samtaler. Diakoniutvalget har og stilt opp på enkelte arrangement for å være ekstra voksne. Mange frivillige foreldre er med i ungdomsarbeidet.

Sammen for andre konfirmant gruppe ledet av diakon, som og er med i konfirmantteamet. Fokus på Bærekraft, dialog, samhandling og felleskap. På språkkafe og andre

kjekke ting. Sammen videoer er ferdigstilt; ute på KN sin Youtube

Seniorkoinonia i Kyrkjetunet; (10) ledes av frivillig; Per Torgeir Nilsen som har med flere frivillig på kjøkken og ellers i program og velkomst

Eldretreff i Kløvertun (4) Frivilligeorganiserer i samarbeid med Os Sanitetsforening. Ledes av frivillige; Bjørn Atle/ Gerhard/ Knut Ivar

Søndagssamlinger (2) og møter i forbindelse med arbeid med psykisk utviklingshemmede; organiseringen; Prest Svante/med frivillige.

Skaperverket søndag; Tema gudstjeneste med påfølgende grønn kirkekaffe. Prest/ m frivillige.

Fasteaksjonen med komité bestående av diakon, frivillighetskoordinator og kateket

Venneveko (uke 47): Komite i år; SLT koordinator, motkoordinator, kreftkoordinator og diakon som er initiativtakeren til konseptet i Bjørnafjorden. Diakon på Skolebesøk med Os Yseman i Fusa vg. ; kunst, design og arkitektur klassen for å takke de som har laget logo.

Julemat/gavehjelp; Samarbeid med Amfi og Os Turn til trengende. Diakon

Julebuffet 23.desember. Samarbeid med Havnechefen, med nissebesøk ute, og utdeling av innsamla julegåver/brukte gåver; Diakon/frivillig

Pilot; Foreldre møter Foreldre
Familienettverksgruppe med Diakon/familieveileder/Frivillige, og planlagt oppstart av pilotprosjekt; foreldrenettverksgruppene 23.Febr. vår 2022.

TV-Aksjonen; Diakon med i komite. Sammen konfirmanter stelt til kafe. NRK sin årlige innsamling gikk i år til PLAN. Meget godt resultat

Veiledning; Diakon deltatt i jevnlig veiledning; Diakon Ivar August Bye

Fagdager; Bjørgvin Bispedømme, Blåkors, Crux barnevernstjeneste, trosopplæringskonferanse på nett, og nettverkssamling med busetting og flyktningsneste i kommunen i Storsalen med et mangfold av ulike faginstanser.

Alphakurs i samarbeid med Normisjon; Storsalen; Einar E; samtalegrupper og måltidsfelleskap. På tvers av generasjoner og menigheter

Bønnegruppe; Blitt sendt ut oppdaterte bønne brev en gang i halvåret. Vært en fysisk bønnesamling. Oppfordret til å bruke åpen kirke.

Økonomi: Innenfor budsjettet i forhold til drift; 30.000. Sommer og høst skolen i samarbeid med kommunen, eget budsjett. Vi har vært heldig og har fått holde på de mange frivillige i arbeidet, hatt med oss noen eksterne på timebasis på høst og sommerskole i henhold til kurs; dans og matlaging, badevakter, og dette året hadde vi og mulighet til å lønne 6 ungdommer fra

15-19 år; Ungdommer fra Joinus, Språkkafe, Sommerskolen og Sammen for andre konfirmanter.

Allmenn tilrettelegging: Kateket og diakon har jobbet med et system for tilrettelegging for konfirmanter med spesielle behov.

Grønn menighet: avfallssortering, fairtradekaffe på huset, kleskaruselller ol.på arrangement

Ferietilbud til barn og unge i høst og sommerferie på dagtid; Os haustcamp og Os Sommercamp

Språkpraksiselev; Norsktrening i ulike praktiske arenaer

Bålpannetreff på julemarknadsdagane med grilling og laging av snødekorasjoner

Sorggruppe og sorgsamtaler

Sykehjemsbesøk

Familieveiledningsgruppe; planlegging av oppstart vår. Samarbeid med familieveileder i kommunen og familieveileder.

Julemesse: Hvit jul hadde stand og 3 frivillig fra Språkkafeen deltok.

Ungdom på Arbeidsdag; 13. Des. som del av solidaritetsaksjon og innsamling til veldedig prosjekt

Foto til diakoni; Kirkerådet i Oslo har spandert bilder fra Fotograf O H Kongsvik som har tatt bilder lokalt i diakonalt arbeid i Os som kan brukes og nasjonalt av kirkelige ansatte også Nasjonalt til ulike prosjekt for å illustrere diakoniarbeid.

Musikkvideo; ferdigstilling av musikkvideoen til sammensangen til bruk i fasteaksjon/venneveko o.l.



Foto: Ole Henrik Kongsvik

Kyrkjemusikk

Etter to utsettingar greidde vi å framføre Aasmund Brekke sin jazzmesse på 2. pinsedag. Dette var eit bestillingsverk for 2020-jubileet for Os kyrkje.

Tonje Hernes framførte dessutan sin «Jubilate» for saksofon og orgel på 2. pinsedag.

I oktober heldt vi ein salmekveld med Eyvind Skeie. Han var til stades og leia songandakten.

Utover hausten gikk dei fleste konsertane som normalt. Ein del tradisjonelle julekonsertar rakk å gå som vanleg før nye restriksjonar 14. desember førte til fleire avlysingar. Dette gjaldt òg nyårsjazzkonserten.

Korarbeid

I samband med 2020-jubileet hadde vi to prosjektkor: eitt til jazzmessa av Aasmund Brekke og eitt til salmekvelden med Eyvind Skeie.

medlemmar i klubben i tillegg til kantor og klubbleiar Andrew, og vi møtast ein gong per månad for å øve og bli kjent med orgelet og musikken i kyrkja.

Orgelklubb

I oktober starta vi ein orgelklubb for barn i alderen 9-13 år. Det er no tre

Frivillige i kyrkjemusikken

Under den nedstengde perioden var det mange frå kyrkjelyden som stilte opp på musikalske andaktar. Desse andaktane blei kringkasta på Os

kyrkjelyd sin nettside og på Facebook. Frivillige frå kyrkjelyden stilte òg opp for å spela meditasjonsmusikk under Open kyrkje-tilbodet på ettermiddagstid.

Instrument og lokalar

Orgelet i Os kyrkje er 65 år gammalt og begynner å vise aldersteikn. Eit langsiktig arbeid med å fornye skal

igangsettast, men orgelet er heldigvis framleis brukbart nokre år til. Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand. Her har ekspertar innan akustikk bistått kyrkjelyden for å vurdere tiltak som kan gjere kyrkjerommet meir anvendeleg for ulike typar forsterka musikk, barnekor og liknande. Pianoa i Os og Nore Neset kyrkjer og flygelet i storsalen er i god stand og jamnleg bruk.

Mediearbeid

Os kyrkjelyd ynskjer å vere synlig og ha informasjon tilgjengelig for lokal miljøet. I 2021 ble Martin Bakke tilsett i ein liten deltidstilling for å jobbe med kyrkjelyden si markedsføring på sosiale media, samt gje opplæring til dei tilsette.

Kyrkjebladet

Bladet når fram til alle heimar i Os og kom i 2021 ut med 4 utgåver. Ulike tilbakemeldingar stadfestar at bladet generelt vert godt tatt imot og lese av mange.

Web

Os sokn har websida www.kyrkja.no/os der vi kunngjer arrangement og informerer om ulike spørsmål og ordningar. I tillegg legg vi ut alle opne arrangementer på Friskus.no

Facebook (Os kyrkje)

Her vert aktuelle arrangement/samlingar kunngjort. Ofte deler vi kunngjeringar frå web-sida me facebook.

Instagram

I 2021 ble det opprettet ny konto på Instagram. Det som legges ut på instagram samkjører ofte med facebook, men fokus på gode bilder og kort informasjon.

YouTube

Os kyrkelyd har fortsatt ein Youtube kanal, og brukes til blant anna digitale foreldremøter for konfirmanter, andakter og filmer.

Annonsering

I 2021 ble det slutt på at gudstenester vert kunngjort ukentlig i eigen annonse i lokalavisa. Opne arrangementer og spesielle samlinger vert fortsatt kunngjort gjennom lysingar i lokalavisa. Nokre samlingar er supplert med omtale på redaksjonell plass i avisa.

Frivillige medarbeidarar

Året 2021 vart nok eit år med restriksjonar og smittevern første halvår og frå september og ut året. Dei vekene samfunnet var ope viste oss at folk ønskjer å finne fellesskap att, og at vi har mange dedikerte frivillige medarbeidarar.

Gudstenestearbeid

Oppgåver for kyrkjevertane var avgrensa til å notere på deltakingslister, passe på at alle som kom vaska hender i sprit, og rettleie for kor ein kunne sitje. Jobben dei frivillige gjer er likevel uvurderleg. Tekstlesarar var med med når det var opning for det. Gudstenesta er framleis navet i kyrkjelyds-livet.

Av 65 gudstenestemedhjelparar (inkludert kyrkjekaffivertar) hadde 45 teneste i løpet av året. (37 av 53 i Os og 8 av 12 i Nore Neset).

Dåpsgudstenester vart stort sett haldne med ein familie i gongen.

Konfirmasjonsgudstenestene både i Os og Nore Neset vart mange – og korte.

Kyrkjetenarane fortener også i år verkeleg ein plass i årsrapporten. Takka vere framifrå innsats vart det ikkje spora noka smitte frå våre samlingar i heile 2021.

Mediegruppa strømma 15 konfirmasjonsgudstenester, det gjekk det med 5,5 arbeidsdag for 3 frivillige personar. Det svarar til 132 timeverk. Familiene rundt om i landet som ikkje fekk reise i konfirmasjon fekk såleis sjå nærbilete av konfirmanten sin på TV heime i stua og det kom gode tilbakemeldingar. Mediegruppa fortener applaus!



Open kyrkje

Open kyrkje er eit tilbod for alle på torsdagar i tidsrommet kl.17-19. I 2021 hadde vi 16 slike torsdagar med 19 frivillige medarbeidarar, og ei styringsgruppe som styrer tiltaket i samråd med stab.

Minnesamvær

Det vart halde 2 minnesamvær med til saman 65 gjestar. 5 frivillige arbeidde med dette om lag 5 dagsverk. Staben av frivillige ved minnesamvær vart utvida med tre nye medhjelparar. Med eineståande medhjelparar og flotte lokale er det fint å kunne tilby osingane å halde gode minnesamvær i Tunet.

Barn og ungdom

37 frivillige har vore i sving i trusopplæringstiltaka våre for 1-12-åringar. Dessuta har vi 22 frivillige engasjert i dei kontinuerlege tilboda for born, til dømes barnesamlingar og Laurdagssprell, Familiekolet Shubadubs, Tunet barnekor og TweenSing.

Det er totalt 45 engasjerte frivillige i Ungdomsarbeidet Join Us, Ungdomstunet og Ungdoms-KRIK.

Vi hadde òg 10 frivillige ungdommar ved to konfirmantsamlingar. Konfirmantforeldre har dessutan levert bakst og stilt opp som sjåførar og tilretteleggarar når det trengst.

Når eg ser tilbake på 2021 er eg imponert over innsatsen til alle frivillige som gjev av si tid til det viktige arbeidet det er å halde ope for alle dei ulike gruppene i samfunnet vårt – særleg i vanskelege tider!

Inger-Johanne Haugland, frivilligkoordinator

Diakoni

Rundt 50 frivillige har vore med i arbeid som språk-kafé, leksehjelp, Fasteaksjonen, filmminspelningar, fisketurar og julemiddag. Det var svært gledeleg at både Meny og Hamnesjefen bidrog med pinnekjøtt til julearrangementet.

Av komité og utvalsarbeid er det først og fremst diakoniutvalet med 4 frivillige som har jobba aktivt i 2021.

Søndagssamling for psykisk utviklingshemma vart halde ein gong i 2021.

Andre tiltak

Julemessa er eit fast høgdepunkt i kyrkjelyden og vart som vanleg planlagt og gjennomført av utpeikt julemessekomite og 35 frivillige på messedagen i november. I tillegg kjem alle som bidrog til at 200 loddbøker vart selde.

30 frivillige er engasjert i tiltaka Senior-Koinonia, eldretreff og TiTT – Torsdag i Tunet.

Strikkekafeen «Strikk til Tunet» møttast onsdagane når det var mogleg, strikka, selde lodd og fekk inn kr. 53 409,-

Samarbeid

Speidaren – 1. Os KFUK-KFUM

Kyrkja i Os samarbeider tett med speidargruppa 1. Os KFUK-KFUM, som i 2021 har hatt aktivitetstilbod for 5 ulike aldersgrupper, frå dei minste oppdagarane i fyrste klasse og opp til roverane som går på vidaregåande. Det er speidarmøte i kvar aldersgruppe kvar måndag, med unntak av roverane som ikkje har ein fast møteserie. Trass i nokre avlysingar grunna korona viser ei oppteljing at gruppa totalt hadde 120 speidarmøte (!) i 2021.

Med eige «speidarloft» og utstyrslager på Kyrkjetunet koordinerast speidaren sine tilbod og aktivitetar opp mot kyrkja sine øvrige tiltak for born og unge og vi ser desse aktivitanane som del av eit heilskapleg aktivitetstilbod tilknytt kyrkja i Os. Kyrkjetunet er som oftast utgangspunkt for speidarmøta, men denne gjengen er stadig på farten. Det er alltid eit poeng å koma seg ut i naturen, og speidarane legg vekt på å bruka nærmiljøet mykje. I 2021 vart innemøta ekstra få av smittevernsomsyn.

KRIK – Kristen idrettskontakt

Kyrkja har òg gjennom mange år hatt samordning med KRIK Os, der både FamilieKRIK og UngdomsKRIK er godt koordinert med andre tilbod og aktivitetar i kyrkjelyden. UngdomsKRIKane går gjerne vidare på Happening etter at økta i gymsalen er over, og FamilieKRIK har hatt tilhald og møtepunkt i Nore Neset aktivitetshus og leir til Brandøy på haustparten.

Vedlegg til årsmeldinga:

Årsrekneskap 2021

Strategiplan for Os sokn 2022-2026

Os Sogn

Årsregnskap 2021

Driftsregnskap

Os Sokn

	Note	Regnskap 2021	Revidert budsjett 2021	Opprinnelig budsjett 2021	Regnskap 2020
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter		-1 442 795		-1 055 000	-1 264 918
Refusjoner/overføringer		-209 421		-179 000	-267 769
Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke		-60 000		-	-48 000
Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.		-121 000		-20 000	-40 000
Tilskudd fra soknets organer		-383 800		-792 000	-518 450
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		-1 186 391		-1 439 000	-1 101 781
Sum driftsinntekter	7	-3 403 407	-	-3 485 000	-3 240 918
Kjøp av varer og tjenester		1 296 409		1 397 000	1 191 496
Refusjoner/overføringer		870 501		818 000	825 036
Tilskudd og gaver		219 167		330 000	149 692
Sum driftsutgifter	7	2 386 076	-	2 545 000	2 166 223
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		-1 017 331	-	-940 000	-1 074 694
Renteinntekter og utbytte		-14 076			-37 005
Renteutgifter og låneomkostninger	5	331 943		440 000	374 039
Avdrag på lån	5	584 540		500 000	584 540
Netto finansinntekter/-utgifter		902 407	-	940 000	921 574
Avskrivninger	5	814 713		-	814 713
Motpost avskrivninger	5	-814 713		-	-814 713
NETTO DRIFTSRESULTAT		-114 924	-	-	-153 121
Bruk av disposisjonsfond	2,5	-50 000		-	-37 500
Bruk av bundne fond	2	-		-	-549 544
Sum bruk av avsetninger		-50 000	-	-	-587 044
Avsatt til disposisjonsfond	2,5	128 997		-	236 108
Avsatt til bundne fond	2,5	35 927		-	504 056
Sum avsetninger		164 924	-	-	740 165
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK		0	0	0	0


Balanse

Os Sokn

	Note	2021	2020
Anleggsmidler		34 339 704	35 154 417
Faste eiendommer og anlegg	5	34 220 875	34 991 021
Utstyr, maskiner og transportmidler	5	118 829	163 396
Omløpsmidler		2 437 728	2 314 497
Kortsiktig fordringer		484 213	573 688
Kasse, bankinnskudd		1 953 515	1 740 809
SUM EIENDELER		36 777 432	37 468 914
Egenkapital		-21 043 129	-21 158 378
Disposisjonsfond	2,5	-616 180	-537 183
Bundne driftsfond	2,6,5	-1 405 515	-1 369 588
Kapitalkonto	3	-19 021 435	-19 251 608
Langsiktig gjeld		-15 318 270	-15 902 810
Andre lån	5	-15 318 270	-15 902 810
Kortsiktig gjeld		-416 033	-407 725
Annen kortsiktig gjeld		-416 033	-407 725
SUM EK OG GJELD		-36 777 432	-37 468 914

6. mars 2022

Dato



Sigurd Rotvik Tunestveit
Daglig leder Os Sokn



Leder soknerådet

Note 1: Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Rekneskapen for soknet er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja fastsett av Barne- og familiedepartementet 8. desember 2020 og god kommunal rekneskapsskikk. kommunale rekneskapsprinsippa inneber mellom anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter vert tekne med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lavaste verdi sitt prinsipp. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid er avskreven med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid. Sjå elles eigen note om anleggsmidlar.

Note 2: Avsetjingar

Spesifikasjon over fond, avsetjing til og bruk av fond 2021.

Konto	Type fond	IB	Årets avsetningar	Årets bruk av avsetningar	UB
5.56-5.58	Disposisjonsfond	537 183	128 997	50 000	616 180
5.51-5.52	Bundne driftsfond	1 369 588	35 927		1 405 515
	SUM:	2 628 659	164 924	50 000	2 021 695

Note 3: Transaksjonar ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
01.01.2021	19 251 608	IB
I løpet av året	-814 713	Avskrivning
I løpet av året	584 540	Avdrag lån
31.12.2021	19 021 435	UB

Note 4: Pensjonsforpliktelsar

Tidlegare tilsette i Os sokn er flyttet til Bjørnafjorden Kyrkjelege Fellesråd.

Note 5: Anleggsmidlar og lån

Konto 5240000 Utstyr, maskiner og transportmidlar

Akkumulert anskaffingsverdi	445 670
Tidlegare års avskrivningar	282 274
Årets avskrivning	44 567
Balanseført verdi 31/12-21	118 829

Konto 5270000 Faste eigedomar og anlegg

Akkumulert anskaffingsverdi	38 507 198
Tidlegare års avskrivningar	3 516 177
Årets avskrivning	770 146
Balanseført verdi 31/12-21	34 220 875

5452001 Lån Kommunalbanken AS

I 2013 vart det teke opp eit lån på kr 6 450 000, for bygging av ny kontorfløy i Kyrkjelydshuset. Terminar: 2 per år.

Årsrapport 2021

Løpetid: 38 år

Rente: Renta for 2021 er utgiftsført med kr 200 033,-. Av dette er kr. 74 090,- ikkje forfalle pr 31.12.21.

Lån pr 31.12.20	5 261 820
Avdrag	169 740
<u>Restlån pr 31.12.21</u>	<u>5 092 080</u>

5452002 Lån Kommunalbanken AS, Kyrkjetunet byggetrinn III

I 2016 vart det teke opp eit lån på kr 14 000 000, for utbygging av Kyrkjetunet.

Rente: Renta for 2021 er utgiftsført med kr 131 910. Av dette er kr 39 985 ikkje forfalle pr 31.12.21.

Lån pr 31.12.20	10 628 990
Avdrag	408 800
<u>Restlån pr 31.12.21</u>	<u>10 220 190</u>

5457501 Lånegåve Kyrkjetunet

Os Sokn har teke imot lånegåver til bygging av Kyrkjetunet.

Heile lånet er avsett til fond.

Faste avdrag vert ført årleg, og inntektsført som gåver. Lånet er rentefritt.

Lån pr 31.12.20	12 000
Avdrag	6 000
<u>Restlån pr 31.12.21</u>	<u>6 000</u>

Note 6: 5510004 Gåver Kyrkjetunet

Gåver og lånegåver gjevne til Kyrkjetunet.

Lånegåver i tidlegare år	1 120 000
Gåver tidlegare år	3 177 538
Utbygging Kyrkjetunet 2014	-157 301
Utbygging Kyrkjetunet 2017	-1 876 040
Nedbetaling lån Kyrkjetunet 2018	-1 000 017
Nedbetaling lån Kyrkjetunet 2019	-500 000
Bruk av gåver for å dekke underskot på kyrkjetunet	-549 544
Gåver i 2020	469 056
<u>Saldo per 31.12.21</u>	<u>683 692</u>

Note 7: Korona

Koronapandemien som kom i mars 2020 har ført til reduserte aktivitetar, og har dermed påverka resultatet både i år 2020 og 2021.

Note 8: Meir-/mindreforbruk

Os sokn har hverken hatt planer om å ha eller har hatt investeringer i 2021.

Fordeling av julemessemidlar frå 2020 kr 50 000,- er dekket ved bruk av fond.

Årets julemessemidler kr 80 000 er avsetje til fond.

Mindreforbruk øremerka tilskot til utstyr kr 35 927 er avsetje til bundne fond.

Årsresultatet på kr 48 997 er satt av til fondet Kyrkjelydsbyggjande tiltak iht. vedtak Os sokneråd.

Nær Kristus – nær kvarandre – nær kvardagen

Strategi 2022 – 2026

Os sokn

FELLESSKAP	REKRUTTERING	KOMMUNIKASJON	NORE NESET
<p>FRIVILLIGHEIT</p> <p>Vi tek godt vare på våre frivillige</p> <p>Frivillige skal vera representert i alle aktivitetar</p> <p>Frivillige skal vera ein ressurs i det musikalske uttrykket</p> <p>LEIARTRENING</p> <p>Vi skal drive systematisk leiartrening for unge på tvers av fellesskapa.</p> <p>GJEVARTENESTE</p> <p>Vi skal arbeide for å få fleire faste gjevarar</p> <p>Gjevarar skal vite kva dei gjev til</p>	<p>For å nå ut med ei tydeleg stemme må den interne kommunikasjonen òg vera god</p> <p>Vi vil etablere ein ny kommunikasjonsplan som inkluderer sosiale medier</p> <p>Vi vil at bygda vår skal få innblikk i det gode arbeidet som skjer i kyrkja</p> <p>Kyrkjebladet skal gjerast tilgjengeleg på nye måtar</p>	<p>Vi skal arbeide for at det skal vera ei levande lokalkyrkje for Nore Neset</p> <p>Kyrkja skal vera ein ressurs for soknet</p> <p>Kyrkjebygget skal fyllast med aktivitetar</p>	

Meir himmel på jorda

